



Vurdering for utvikling

Rapport



Våge skule og barnehage

Veke 13, 28.-30.3.2022

Tema:

Relasjonskompetanse

Stad og dato: Våge, 30.3.2022

Aud Wesenlund Ødejord
Skulevurderar

Hildegunn Hatlem
Skulevurderar

Sidsel Anita E Itland
Barnehagevurderar

Ida Cecilie Fugle
Barnehagevurderar

Britt Helen Viken Nilsen
Hospitant, skulevurderar

Innhald (er automatisk)

1. Føreord	3
2. Oppsummering	4
3. Fakta om skulen/barnehagen og val av vurderingstema	4
3.1 Fakta om skulen/barnehagen	4
3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema	5
3.3 Arbeidet med utvikling av framtidsbilete	5
4. Frå vurdering til endring av praksis	6
5. Framtidsbilete Våge skule og barnehage	7
6. Vurderingar	8
Kvalitetsmål: Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage	8
Kvalitetsmål: Dei tilsette er autoritative vaksne	11
Kvalitetsmål: Dei føresette medverkar til gode relasjonar med og i barnehage/skule	16
Kvalitetsmål: Organisasjonen er prega av ein inkluderande kultur med fokus på relasjonskompetanse	18
7. Spørsmål til refleksjon	21
8. Vidare arbeid	22
Vedlegg:	23
Deltakarar i vurderinga	23
Tidsbruk	23
Metodar	24
Samtaleguidar og skjema	24

1. Føreord

For å sikre kvaliteten og stimulere til forbetring i skulane og barnehagane har dei seks kommunane Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund, Gulen og Høyanger oppretta eit felles vurderingsnettverk som med om lag fire års mellomrom vurderer skulane og barnehagane i regionen. Vurderingsnettverket er røynde lærarar og barnehagelærarar. Alle vurderer i annan kommune enn der dei arbeider. Fleire av vurderarane har vidareutdanning i kvalitetsvurdering i skule og barnehage. Utviklingsleiaren for barnehage og skule i regionen leiar arbeidet med vurderingar.

Etter Opplæringslova er skulane pålagt å vurdere verksemda jamleg:

«Skolen skal jamleg vurdere i kva grad organiseringa, tilrettelegginga og gjennomføringa av opplæringa medverkar til å nå dei måla som er fastsette i Læreplanverket for Kunnskapsløftet. Elevane skal involverast i denne vurderinga. Skoleeigaren har ansvar for å sjå til at vurderinga blir gjennomført etter føresetnadene» (Opplæringslova 2015 § 2.1).

Etter Rammeplanen for barnehagane skal også verksemda der vurderast:

«Barnehagen skal jevnlig vurdere det pedagogiske arbeidet. Det betyr at det pedagogiske arbeidet skal beskrives, analyseres og fortolkes ut fra barnehagens planer, barnehageloven og rammeplanen. Hovedformålet med vurderingsarbeidet er å sikre at alle barn får et tilbud i tråd med barnehageloven og rammeplanen» (Rammeplan 2017, s. 38).

Regionen har ekstern vurdering for å gje skulane/barnehagane hjelp i utviklings- og vurderingsarbeidet og utvikle vurderingskompetanse. Skulane/barnehagane treng å bli sett på med nye auge. Den eksterne vurderinga er ein del av kvalitetssystemet for skular og barnehagar i regionen.

Vurderinga har ikkje som mål å gje eit fullstendig bilete av kvaliteten i barnehagen, men skal vere eit bidrag til kva skulen/barnehagen må arbeide vidare med innan det temaet som er vurdert. Barnehagen er forplikta til å følgje opp og rapportere attende til eigar om kva som er gjort i høve praksis som kan bli betre.

Rapporten vert gjort offentleg på kommunen og oppvekstregionen sin nettstad: www.hafs.no om lag ein månad etter vurderinga.

Januar 2022

Ida Fugle

Utviklingsrettleiar for barnehage og skule

Oppvekst og utdanning i HAFS

Mobil: 95 76 71 77

E-post: ida.cecilie.fugle@fjaler.kommune.no

2. Oppsummering

Våge skule og barnehage er ein organisasjon i omstilling, både med omsyn til at dei frå hausten 2022 skal samordnast under felles leiing, men og at det nett er skjedd eit byte av einingsleiar. Organisasjonen kan utnytte at både avtroppande og påtroppande leiar jobbar under same tak og slik dra nytte av avtroppande leiar si erfaring og kompetanse i vidare utvikling.

Dei tilsette både i barnehage og skule er positive til samordninga og er optimistiske i møte med framtida.

Våge skule og barnehage si store utfordring ligg i korleis dei skal utvikle organisasjonen til ei eining og bygge ein felles plattform for arbeidet med barn i alderen 0 til 16. Det er også ei utfordring at barnehagen og skulen er fordelt på to bygg i forhold til å bygge ein felles organisasjonskultur der alle tilsette er inkludert og involvert. Både tilsette og leiinga har eit felles ansvar for å skape ein felles kultur.

Det er mykje god relasjonskompetanse i organisasjonen, men både foreldre, tilsette og barn fortel om at det er varierende praksis og oppfølging av rutinar og reglar. Vi ser at i barnehagen har dei felles praksis i høve reglar og rutinar, men dei er ikkje nedskrivne. I skulen har dei ein del nedskrivne reglar og rutinar, men ikkje alltid felles praksis. Det kan sjå ut som om tilsette handlar individuelt og ikkje ut frå ei felles forståing.

Det er og ei utfordring å setje av tid og rom for felles refleksjon både i dei mindre teama/avdelingane og for heile organisasjonen. Her ligg det både arbeidstidsavtalar og økonomiske rammer i botn. Dette har betydning for i kva grad organisasjonen har høve til å gjennomføre utviklingsarbeid der både barnehage og skule er involvert. Arbeidet med relasjonskompetanse må jobbast systematisk med, både i form av å setje seg mål, planlegge for oppfølging og etterspørje resultat. Slik sikrar ein at det ikkje blir ein happening på ein fagdag, men eit arbeid som fører til refleksjon og vidareutvikling av praksis.

3. Fakta om skulen/barnehagen og val av vurderingstema

3.1 Fakta om skulen/barnehagen

Våge skule er ein 1.-10. skule med 47 elevar i skuleåret 2021-2022. Dette skuleåret går 1.-3. trinn saman, 4.-5., 6.-7., og 8.-10. Skulen sin visjon er «eit fellesskap for tryggleik, glede og læring». Skulen har rundt 20 tilsette.

Barnehagen har to avdelingar: Blåbær er storbarnsavdeling med 19 plassar og Tytebær er småbarnsavdeling med 10 plassar. Pr. dd har barnehagen 17 born, 11 på stor avdeling og seks på småbarn. Vi er sju tilsette i barnehagen. Visjonen til barnehagen er «ein stad å skape venskap og gode minner».

Første del av skulen vart bygd i 1983, og har sidan fått ulike påbygg. Sist eit trimrom ned mot ballparken, i samarbeid med lokale lag og organisasjonar. Barnehagen har heilt nye lokale. I 2017 vart Hellevik barnehage (kommunal) og Våge barnehage (privat) slått saman til ein felles kommunal barnehage. Våge barnehage låg då i Våge, mot Korssund. 17. desember 2019 flytta vi inn i nybygd lokale ved skulen.

Skulen og barnehagen ligg fint til med tanke på friluftaktivitetar, Her er skog rett bak bygga, med gåavstand til både sjø og fjell. Vi har flott inngjerda uteområde for barnehagebarna. På skuleområdet er det klatrevegg, sandvolleyballbane, kunstgrasbane, ballbinge og turløype. I tillegg har ein kort veg til grendahus og trimrom. Skulen og barnehagen legg vekt på å vere mykje utandørs heile året.

3.2 Bakgrunn for val av vurderingstema

Det var planlagt og førebudd for vurdering av både barnehagen og skulen i januar 2021. Tema for barnehagen var då «venskap og gode minner», mens skulen hadde kommunikasjon og relasjonar. Grunna korona vart desse vurderingane usett. I samband med leiarbyte og samlokalisering ønska ein å starte prosessen på nytt, og skape eit felles framtidssbilde for både skulen og barnehagen. Frå 1. august 2022 skal barnehagen og skulen vere ei eining med felles leiing.

Fjaler kommune er med på ei nasjonal satsing i regi Udir på inkluderande barnehage- og skulemiljø, og utviklingsområde vart valt ut frå fem hovudområde. Også i dei første framtidssbilda, då skulen og barnehagen skulle vurderast kvar for seg, var relasjonar sentralt som utviklingsområde.

3.3 Arbeidet med utvikling av framtidssbilete

Prosesen med å utarbeide framtidssbildet har føregått heile hausten fram til midten av februar. Ein har hatt to fellesmøte for tilsette i skule og barnehage, og fleire møte kvar for seg. Mellom personalmøta har rektor, styrar og påtroppande rektor/leiar samla tilbakemeldingane og kome med nye utkast. Ei spissing av utviklingsområdet kom fram etter kvart, relasjonskompetanse var noko vi alltid ville ha med, både i mål og teikn på god praksis.

Det har vore mange utkast av framtidssbildet, men vi meiner framtidssbilda har blitt tydelegare og betre undervegs. Vi har drøfta ordlyd, omgrep og positiv ladning. Det har vore viktig at alle skulle kjenne seg igjen i framtidssbilde, og vi har freista at flest mogleg involverte skulle verte høyrde. Framtidssbildet har vore oppe til drøfting i elevråd, FAU og SU, og sidan smittevernrestriksjonar gjorde at vi ikkje kunne ha eit foreldremøte på framtidssbildet, gjennomførte vi ei digital undersøking. Felles refleksjon og drøfting har gjort at vi no har eit framtidssbilde som vi meiner vil fungere godt som ei rettesnor for utviklingsarbeid dei neste tre åra.

4. Frå vurdering til endring av praksis

Ekstern barnehage- og skulevurdering er eit verktøy for å hjelpe barnehagen og skulen med å vurdere og vidareutvikle kvaliteten på tilbodet til barna. Metoden bidrar med eit eksternt blikk frå to «likemenn» som kjem til barnehagen eller skulen for å observere og snakke med barna, foreldra og dei som jobbar der. Vurderingsmetoden som er nytta er ein tilpassa versjon av metodikken som Hardanger/Voss-regionen og Utdanningsdirektoratet har utvikla. Metodikken vert nytta av Utdanningsdirektoratet i samband med rettleiing av skular og av fleire regionar og kommunar i heile landet både på skule og barnehage.

Vurderingsområdet tar utgangspunkt i barnehagen eller skulen sin ståstad og handlar om element som vil gjera dei tilsette betre i stand til å utføra sine primære oppgåver knytte til barna sin trivsel, læring og utvikling.

Ekstern barnehagevurdering består av fem trinn:

1. Velje område for vurdering
2. Lage framtidsbilete
3. Hente inn og strukturere informasjon
4. Analysere og gjere vurderingar
5. Spegle attende til barnehagen/skulen

Utifrå informasjonen vurderarane får gjer dei ei vurdering av praksis opp mot teikna på god praksis i framtidsbiletet. Vurderarane peikar på kor barnehagen eller skulen er bra i forhold til god praksis og kor dei kan bli betre. Etter det er det barnehagen/skulen/oppvekstsenteret sitt ansvar å følgje opp og ta tak i utfordringane vurderarane meiner dei har. Det skal skje i eit samarbeid med barnehage- og skuleeigaren og regionen.

Meir om ekstern vurdering på [Utdanningsdirektoratet si heimeside](#)



5. Framtidsbilete Våge skule og barnehage

Kvalitetsmål er kjenneteikn på god kvalitet. Måla er henta frå lov, regelverk, rammeplan eller barnehagen sine egne planar. Kvalitetsmåla og teikna på god praksis er utforma i eit samarbeid mellom vurderarane og barnehagen, og til slutt godkjende av barnehagen.

Relasjonskompetanse

Kvalitetsmål	Teikn på god praksis
Borna: Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage	<ol style="list-style-type: none">1. Alle har nokon å vere med2. Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige3. Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk4. Barna opplever meistring gjennom leik, utforsking og samhandling
Personalet: Dei tilsette er autoritative vaksne	<ol style="list-style-type: none">1. Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen2. Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar3. Dei tilsette er gode og tydelege rollemodellar4. Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtalanene og stundene5. Dei tilsette legg til rette for leik, utforsking og samhandling
Føresette: Dei føresette medverkar til gode relasjonar med og i barnehage/skule	<ol style="list-style-type: none">1. Føresette opplever god samanheng mellom dei ulike overgangane2. Føresette opplever og <i>medverkar til</i> god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom skulen/barnehagen og heimen3. Føresette er rollemodellar når det gjeld å sjå og inkludere alle
Organisasjonen: Organisasjonen er prega av ein inkluderande kultur med fokus på relasjonskompetanse	<ol style="list-style-type: none">1. Det er sett av tid til felles refleksjon, erfaringsutveksling og evaluering2. Organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling3. Organisasjonen legg til rette for samarbeid med føresette, og brukar aktivt organa FAU/SU/SMU4. All samhandling er prega av rausheit5. Barnehage- skuleeigar legg til rette for og etterspør utvikling innan relasjonskompetanse

6.Vurderingar

Kvalitetsmål: Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage

1. *Teikn på god praksis:* Alle har nokon å vere med

God praksis:

I Våge barnehage ble vi møtt av barn og vaksen som ønskte oss velkomen. Vi har sett mange gode døme på barn som inkluderer andre både barn og vaksne i leiken/aktiviteten på tvers av alder og kjønn. Barna tek initiativ til leik med andre barn og vi ser at samspel mellom barn er lystbetont. Vi observerte både i inne- og uteleiken at barna hadde nokon å vere med. Tilsette er merksame på og oppteken av at barna skal oppleve å ha nokon å vere i lag med, dei støtter og rettleiar ved behov. Vi såg at tilsette var observante og lett tilgjengelege for barna. Fokus var på å gje språkleg støtte, lytte, trekke seg litt vekk samtidig som dei følgde med, var tilstades og trygga barna. Gjennom spørjeundersøking hjå føresette er dei i hovudsak samd i at barna har nokon å vere med i barnehage. Dette er også nedfelt i barnehagens planverk: *“Det er viktig at dei vaksne er merksame dersom nokon ikkje kjenner seg inkludert”* (Årsplanen, s 3) *“Som vaksne har vi eit ansvar for at alle barn får delta i leiken, og ved å observere og veilede sørge for at dei er deltakarar med lik verdi. Vi har også eit ansvar for å skjerme barn som ynskjer å leike aleine eller i ei lita gruppe”* (Årsplanen, s 4)

Gjennom observasjonane vi har gjort ser vi at dei fleste elevar har nokon å vere med, både inne og ute. Dei tilsette seier at dersom dei ser at ein elev ikkje har nokon å vere med, går dei bort til eleven, snakkar med vedkommande og spør kvifor han/ho er aleine. Elevane som går aleine plar då seie at det er noko dei sjølv ynskjer. Dersom den same eleven blir gåande mykje aleine, har dei refleksjonar kring dette saman.

Det pedagogiske personalet har alltid oppe §9A ved oppstart om hausten, og har rutine for å ta dette opp med foreldra på foreldremøte om hausten. Dersom foreldra melder ifrå om utestenging, prøver i første omgang kontaktlærer å nøste opp i situasjonen. Alle tilsette har inspeksjon og må vere obs på alle elevar frå alle klassetrinn.

Elevane stadfestar i intervju at alle har nokon å vere med. Dersom det er nokon som går aleine, så tar elevane kontakt med dei og spør om dei vil vere med. Dei fortel også at det hender nokon av elevane ynskjer å vere aleine. Også i elevundersøkinga gjennomført hausten 2021 ser vi at dei fleste elevane har nokon å vere saman med i friminutta.

I spørjeskjema til føresette svarar hovudtyngda av respondentane at barnet deira har nokon å vere saman med.

Praksis som kan bli betre:

Det kom fram gjennom intervju at det er ulik praksis blant dei tilsette for kva dei gjer etter at dei har snakka med elevar som går aleine. Å utarbeide ei rutine for dette kan difor vere lurt. Det kom og fram at fagarbeidarar/ assistentar ikkje er med på fellesmøta. Rutinen som blir utarbeida bør bli godt forankra og alle tilsette må vere informert og kjenne til denne.

2. *Teikn på god praksis:* Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige

God praksis:

I Våge barnehage ser vi barn får støtte og rettleiing av tilsette når dei opplev usemje eller ueinigheit med andre barn. Det var lite konflikter og tilsette var tett på og guida allereie ved tilløp til konflikter. Vi ser lydhøyre tilsette som tek barna på alvor. Dei støtter kjensler, men er samtidig tydelege, varme vaksne som rettleiar barn i å finne løysningar. I samtale kjem det fram at tilsette er oppteken av å reflektere i lag med barn/barna over løysningar som kan føre til semje. Gjennom observasjon og samtale med barn og tilsette ser og høyrer vi at barna får hjelp og trøyst om ting er vanskeleg eller dei har kranjala med eit anna barn. I samtal med barna gav dei utrykk for at dei veit kva dei skal gjere når dei kjem opp i usemje med andre barn, dei seier i frå til ein vaksen og så får dei hjelp. Dette ser vi i att i ute og inne situasjonar. Førsette sine svar i undersøkina støtter opp under dette. Å ha respekt for seg sjølv og andre er også nedfelt i barnehagens årsplan (Årsplanen, s 3) og progresjonspan innan fagområda (Årsplanen, s 17 og 22).

På Våge skule støttar og rettleiar dei tilsette barn i konfliktsituasjonar hovudsakleg gjennom samtaler. Fleire av dei tilsette seier at dei prioriterer tid til å ta desse samtalane, sjølv om det går ut over faga. Dei seier det er viktig å få elevane til å prøve å forstå kvarandre og finne ut kva som har skjedd. Det blir og sagt at det er viktig å snakke med og lytte til alle partar og at alle skal få fortalt si side av saka.

Elevane fortel i intervju at dei prøver å ordne opp i konflikhtar på eiga hand, men at dei kan be om hjelp frå vaksne dersom dei treng det. Fleire av elevane seier også at dei syns at dei vaksne burde ordne opp.

Praksis som kan bli betre:

Utarbeide skriftlege rutinar for arbeid med konflikthandtering i barnehage- og skule.

3. *Teikn på god praksis:* Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk

God praksis:

I Våge barnehage har vi sett og høyrte barn som kjem til barnehagen med smil om munnen og seier “*her eg eg*” og vaksne som responderer “*så kjekt du kjem*”. Tilsett fortel at dei er opptekne av å sjå etter positive eigenskapar og korleis dei snakkar med barna. Vi ser at barna søkjer dei vaksne; sitt blikk, for samtale, eit fang, ein klem m.m. Barnet syner positivt kroppsspråk og eit språk som er prega av eit positivt toneleie. Vi ser og opplever i samtale med barn/barna at dei har eit positivt språk til og om kvarandre. Barna gjev i samtalen uttrykk for at dei har mange å leike med, så om dei ikkje får vere med i leik så finn dei ein annan å leike med. Dette finn vi og støtte i samtale med tilsette og gjennom observasjon i inne og uteleiken.

Elevane er godt kjende med kva som kjenneteiknar det å vere positiv og vise eit godt kroppsspråk. Vi opplever i observasjonar at fleire av elevane er imøtekomande og helsar på oss. Elevane opplever at lærarane deira har eit positivt kroppsspråk i møte med dei.

På Våge skule seier dei tilsette at dei har jobba mykje med språkbruk, blant anna gjennom samarbeid med idrettslaget. Mykje av den negative språkbruken har føregått på fotballbana, og dei tilsette har difor sett inn ei vakt som er der i alle friminutt.

Praksis som kan bli betre:

Vi har observert elevar som ikkje snakkar fint til kvarandre, i form av t.d. hald kjeft, eller at dei gjennom sine utsegn ynskjer å styre andre elevar. Her kan det sjå ut som dei vaksne møter det noko ulikt. Dette kan det vere ulike årsaker til utan at vi er kjende med det.

Vi opplevde å bli møtt av nokre elevar som ikkje klarte å svare seriøst på spørsmåla. Det vitnar om at dei kanskje var utrygge og usikre på kvarandre og på oss. Dette viser også att i eitt av svara frå dei føresette, som peikar på nettopp dette. Nokre tilsette har og fortalt om utfordringar i nokre elevgrupper.

4. *Teikn på god praksis:* Barna opplever meistring gjennom leik, utforsking og samhandling

God praksis:

I Våge barnehage ser vi både i planverk og i praksis at dei er oppteken av at barna får oppleve meistring gjennom deltaking i aktivitetar både inne og ute. Dei tilsette er opptekne av å vere tilstade og tilgjengelege. Dette såg vi både på stor og liten

avdeling gjennom tilgjengelege aktivitetar, utstilling av ting knytt til tema og at tilsette var på golvet (særleg på liten avdeling) eller i nærleiken heile tida. I samtale med barn frå stor avdeling, kom det fram både frå tilsette og barn historier om “dinosaurprosjektet” som nett var ferdig. Dinosaurane er no flytta ut og klar for vidare leik ute. På liten avdeling såg vi blant anna barn som klatra, hoppa, dansa, utforska med stemmen høge og låge lydar i lag og song. Tilsette gav støtte, hjelp og rettleia ut frå behov. Vi såg at barna var opptekne av å bli sett, dette fekk dei tilsette til ved at dei plasserte seg slik i rommet(a) at dei kunne ha/hadde augekontakt med barna. I spørjeundersøkinga uttrykker føresette at dei tilsette ser barna deira og at det er trygt og godt i barnehagen.

Vi har observert at dei tilsette i skulen er flinke til å legge til rette for at elevane skal få oppleve meistring. Elevane seier og at dei vaksne er flinke til å hjelpe dei, og som ein av elevane sa: “ *Om vi ikkje hadde fått hjelp, så hadde vi jo stått fast!*”

Vi har sett gode eksempel på ulike læringsaktivitetar i observasjonar i aktiv læring-øktene. I fleire av observasjonane våre ser vi også at det har vore fokus på samarbeid/samhandling mellom elevane.

Fleire av elevane vi har snakka med fortel at dei likar kjensla av å meistre, og dei aller fleste kan og peike på aktivitetar inne eller ute der dei har opplevd meistring.

Praksis som kan bli betre:

I dei observasjonane vi har gjort har vi i lita grad sett døme på utforskande læring.

Kvalitetsmål: Dei tilsette er autoritative vaksne

1. Teikn på god praksis: Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen

God praksis:

På spørsmål om kva dei legg i omgrepet autoritative vaksne, svarar dei tilsette i barnehagen mellom anna at dei har fokus på det å vere til stades og vere der for barna. Ta ungene på alvor og setje tydelege grenser. Dei er opptatt av å møte barna i augehøgde og med blikkontakt.

I Våge barnehage har vi sett mange døme på tilsette som møter barn med varme og glede. Barna kjem springande imot og helsar på dei tilsette.

I skulen/barnehagen si undersøking vinteren 21/22 kjem det fram at foreldra meiner barna har gode relasjonar i barnehagen. I barnehagens årsplan legg dei vekt på at dei tilsette skal vere “støttande og rettleiande” og “ha eit bevisst forhold til korleis dei kommuniserer med barna” (Årsplan, s 6 og 12). Dette ser vi att i praksis.

På Våge skule meiner dei tilsette at ein autoritativ vaksen er varm og tydeleg. I det legg dei at ein skal ha tydelege grenser, at elevane veit kvar dei har dei. Lærarane viser at dei bryr seg om at elevane har det bra på skulen ved at dei er tilstades, tar seg tid til elevane og pratar med dei. Dei prøver og å møte elevane med augekontakt. Under observasjonane har vi sett fleire eksempel på dette. Elevane seier i intervju at dei vaksne stort sett er positive og opptekne av at dei skal ha det bra. Elevundersøkinga viser også at elevane opplever at lærarane bryr seg om dei.

Praksis som kan bli betre:

I spørjeundersøkinga til føresette syns dei fleste å meine at relasjonane mellom elevar og tilsette er gode, men vi ser også at det er enkelte som er misnøgde og meiner at relasjonane burde vore betre.

I observasjon har vi sett at konsekvensar som å *“gå i sofaen”*, *“ avslutte aktiviteten ”* har vore nemnt, utan at det vart iverksett. I intervju fortel og elevane at lærarar har ulik måte å reagere på, og at det som vert tolerert hjå ein tilsett, ikkje nødvendigvis vert tolerert av ein annan. Både det å kommunisere tydeleg, og å vere konsekvent vil vere viktig for å kunne oppretthalde autoriteten og vere ein tydeleg vaksenperson for eleven.

2. Teikn på god praksis: Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar

God praksis:

I Våge barnehage har dei felles praksis og støttar opp under kvarandre i møte med barna. Dette fortel både tilsette og barn. Barna er tydelege på kva reglar som gjeld i barnehagen, og at dei vaksne hjelper dei om det er nokon som gjer noko dei ikkje skal. *“alle har reglar”* fortel dei. Vi har observert at dei tilsette møter barna med same krav og forventningar og minner dei på reglane ved behov. Tilsette tar reglar og rutinar opp til drøfting om nye situasjonar oppstår eller når nokon stiller spørsmål ved reglane. *“Det virker som dei tilsette i barnehagen er flinke til å følgje opp felles reglar og rutinar”* (Sitat frå spørjeundersøkinga frå vurderarane).

På Våge skule seier dei tilsette at dei har felles ordensreglar og at alle klassar har eigne klassereglar som blir laga i starten av skuleåret. Vi har også sett at det heng klassereglar synleg på klasseromma.


I tillegg blir det nemnt at ein har ulike uskrivne reglar for t.d. snøballkasting og bruk av sykkel, men også andre reglar som blir avtalt gjennom året på fellesmøta. Elevane i ungdomsskulen har merknadssystem i Visma.

Praksis som kan bli betre:

I Våge barnehage er ikkje reglar og rutinar nedskrive. Nye tilsette må spørje seg fram. Utareglar er tydelegare enn reglar og rutinar inne. Tilsette etterspør felles tid til drøftingar og refleksjonar.

I kva grad opplever de foreldre at dei tilsette har felles praksis og følger same regler?

22 svar



(Henta frå spørjeundersøking til føresette 28.03.22)

Dei tilsette opplever ikkje at alle i kollegiet er lojale ovanfor reglar og rutinar som ein har komme fram til. Regelen om at mobilane til elevane i 6 – 10 klasse skal i mobilhotellet er den regelen som hyppigast blir nemnt som eit problemområde, men andre reglar blir og nemnt. Her opplever dei tilsette at det er ulik praksis blant kollegiet, noko som for fleire vert eit irritasjonsmoment. Leiar dreg også fram reglar og rutinar som eit område ein treng arbeide med for å få til ein omforeint praksis. Dei tilsette trur ikkje at elevane opplever at dei har lik praksis når det kjem til reglar og rutinar, og at elevane er medvitne på dette. I spørje-undersøkinga kjem det fram at dei føresette heller ikkje opplever at dei tilsette har lik praksis når det kjem til dette. I intervju med elevane kjem det fram at elevane tykkjer handhevinga av reglar er knytt til person, og at dei i liten grad er ein felles praksis.


3. Teikn på god praksis: Dei tilsette er gode og tydelege rollemodellar

God praksis:

I spørjeundersøkinga 28.3.22 kjem det fram at foreldra meiner dei tilsette er gode rollemodellar.

I kva grad opplever de foreldre at dei tilsette er gode rollemodellar for barnet dykkar?

22 svar



I Våge barnehage fortel tilsette at dei vektlegg å vere tydeleg og konsekvent og at det er viktig å vere ekte i møte med barn, setje ord på kjensler, vere føreseieleg og samstundes varm. *“Vi skal være bevisste vår eiga betydning som rollemodellar for barna”* (Årsplanen, s 6). Vi har sett mange gode døme på varme og tydelege vaksne som møter barna med respekt, vaksne som er modellar for korleis ein lagar plass til fleire i leiken og rundt bordet, som spør om barn vil vere med om dei ikkje er med i ein flokk.

På Våge skule seier dei tilsette at det er viktig å vere ein god og tydleg rollemodell, spesielt på det som går på det sosiale: Korleis ein er med kvarandre – at ein møter kvarandre med respekt. Vi har observert fleire gode døme på dette. Også foreldra ser på dei tilsette som gode rollemodellar for elevane, jmf foreldreundersøkinga.

Praksis som kan bli betre:

Det blir nemnt i samtale med tilsette at ein saknar rutine for korleis ein skal opptre under inspeksjon, då det er litt ulik praksis. Gjennom observasjon har vi også sett teikn til dette. Vi har observert at enkeltelevar kan bli ståande aleine ei god stund før dei vert kontakta, og vi har også sett at ikkje alle tilsynsvakter er på plass ved starten av friminuttet.

4. *Teikn på god praksis:* Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtalanene og stundene

God praksis:

I Våge barnehage fortel barn at *“om eg spelar kjem dei vaksne og spelar med meg, for det går ikkje an å spele åleine”*. Sjølv om dei tilsette fortel at dei synes det er vanskeleg å finne tid til dei gode stundene, har vi observert mange døme på vaksne som tek seg tid til dei små møta med enkeltbarna, vaksne som leikar, spelar og er i dialog med barn. Barn som ikkje har verbalspråk vert invitert inn i dialog der den vaksne set ord på det barnet gjev uttrykk for med kroppen, spør og ventar på barnets respons. Barn som ikkje heilt finn roa i leiken får tilbod om ein armkrok og ei bok eller til å vere med som kjøkkenhjelp åleine med ein vaksen. Dette kjem også fram i plandokument *“Dei vaksne skal vere bevisste si rolle som aktive, lyttande og interesserte samtalepartnarar for barna”* (Årsplanen, s 9). Dette kjem og fram i barnehagens progresjonsplan for fagområdet *“kommunikasjon, språk og tekst”* (Årsplanen, s 17)

På Våge skule prøver dei tilsette å finne rom for og prioritere dei gode samtalanene og stundene. Det blir nemnt at for eksempel uteskule og turar er gode arenaer for slike samtaler. Dei tilsette tek seg og tid til å snakke med elevane når det er behov. Elevane støttar opp under dette.

Praksis som kan bli betre:

Nokre tilsette seier at det vanskeleg å finne tid til desse samtalanene. Dette har vi også observert. Vi har sett at nokre klassar har vore svært godt bemanna, medan andre har vore prega av fråvær den korte tida vi har vore til stades. I slike situasjonar kan ei omdisponering av personale gjere at ein får tid og rom for den gode samtalen.

5. Dei tilsette legg til rette for leik, utforsking og samhandling

God praksis:

Tilsette i Våge barnehage fortel at for å legge til rette for meistring må dei vere tett på, tilgjengeleg og hjelpe barn inn i leik og hjelpe dei til å meistre sjølv. Dei vektlegg å bygge på barna sine interesser og innspel. Dei er opptatt av at det må vere ein balanse mellom utfordring og meistring *“om ein heile tida går og ikkje får det til, går dei i kjellaren, men må ha litt å pushes mot og” “gje dei høve til å heve seg”*. (sitat frå tilsettintervju). Dette kjem også fram i progresjonsplanen for fagområda (Årsplanen, s 19 og 21). Vi har observert både barn som ber om hjelp, barn som seier at noko er vanskeleg, men gjer det likevel. Vi har også sett barn som seier *“ditta e kje vanskele’ for meg, for eg har pusla ditta før”*. Vi har observert vaksne som lager plass til fleire i

leiken og som flyttar rekvisittar slik at fleire kan få tilgang til samhandlinga. Barn fortel i intervju at *“Vi gjer litt ting og vaksne passar på oss”*.

På Våge skule har kvar klasse ei 20 minutt lang økt med aktiv læring på timeplanen kvar dag. Her vert det lagt opp til læring gjennom mellom anna leik, utforsking og samhandling. I nokre klassar har ein også leik utanom. Samhandling og leik blir sett på som viktig.

Praksis som kan bli betre:

I dei observasjonane vi har gjort har vi i lita grad sett døme på utforskande læring.

Kvalitetsmål: Dei føresette medverkar til gode relasjonar med og i barnehage/skule

1. *Teikn på god praksis:* Føresette opplever god samanheng mellom dei ulike overgangane

God praksis:

Fleire føresette opplever i hovudsak at det er gode overgangar, då spesielt mellom barnehage og skule og mellom avdelingane i barnehagen. Tilsette i barnehagen fortel at det ikkje er klare rutinar for overgang mellom avdelingane, men at dei jobbar så tett og samarbeider så mykje i løpet av dagen at barna er trygge på alle vaksne og overgangen derfor glir smidig. Fjaler kommune har utarbeidd plan for overgangar. Tilsette fortel i intervju at dei har overgangssamtalar med foreldra før skulestart og at foreldra fyller ut eit overgangsskjema.

Praksis som kan bli betre:

Barnehagen har ikkje faste rutinar for overgang mellom avdelingane. Tilsette fortel at det er planar om besøk og samarbeid med småskulen, men at det ikkje alltid vert i praksis. Dei etterlyser at førskuledagane vert planfesta slik at ein ikkje må spørje etter dei. Dei vil og gjerne ha meir samarbeid med skulen på vårparten. Foreldre har i spørjeundersøkinga 28.3.22 gitt utrykk for at det barna har jobba med og lært i barnehagen må byggast vidare på i skulen

Dei føresette har ulike erfaringar knytt til overgangane, noko som syner att i deira svar. Svara spriker, og nokre er godt nøgd, medan andre saknar rutine og plan for overgangar.

2. *Teikn på god praksis: Føresette opplever og medverkar til god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom skulen/barnehagen og heimen*

God praksis:

Foreldra opplever stort sett kommunikasjonen frå barnehagen til heimane som god. Dei er tydelege på kva dei sjølve kan gjere for å medverke, mellom anna ved å vere opne, informerer og lese og fylgje opp informasjon frå barnehagen/skulen. At dei må møte på møter, spørje om det er noko dei lurar på, ta initiativ og vere positive (foreldreundersøkinga 28.3.22) Tilsette i barnehage fortel at dei opplever at foreldra tar kontakt. I arbeidet med barns medverknad kan foreldra *“hjelpje barnehagen med dette ved å formidle til barnehagepersonalet det barna gjev uttrykk for heime”* (Årsplanen, s 8) Vi har observert at foreldre og tilsette utvekslar nødvendig informasjon ved levering og henting.

Eit fleirtal av elevane sine føresette opplever at kommunikasjonen frå skulen til heimen er god. Dei peikar på Visma som eit godt verktøy og at det er låg terskel for å ta opp ting. Dei tilsette meiner og at kommunikasjonen med dei føresette i hovudsak er god.

Praksis som kan bli betre:

Dei føresette har ulike forventingar knytt til skulen sin kommunikasjon med heimane. Nokre peikar på at dei av og til får for omfattande informasjon, medan andre tykkje den er sparsommeleg. Fleire ynskjer meir presis informasjon om negative hendingar eller negativ utvikling.

3. *Teikn på god praksis: Føresette er rollemodellar når det gjeld å sjå og inkludere alle*

God praksis:

I spørjeundersøkinga 28.3.22 vart foreldra spurt om korleis dei kan bidra til at alle barn kjenner seg inkludert. Dei er i stor grad opptatt av framsnaking av både skulen, barnehagen, heimane og dei andre barna. Dei nemner og å delta på sosiale arenaer, lære eigne barn inkluderande verdiar og haldningar. Inkludere alle i sosiale samanhengar, snakke positivt om andre og invitere heim for å bygge relasjonar som kan vise att i skulen/barnehagen. Tilsette fortel at foreldra tek seg tid til å lytte til andre barn når dei hentar sine eigne, at dei helsar på dei andre barna i barnehagen om dei kjem ut i garderoben.

Praksis som kan bli betre:

Dei tilsette seier i sine intervju at dei fleste føresette er gode rollemodellar for sine elevar når det gjeld å sjå og inkludere alle. Dei seier og at tidlegare har konflikter mellom foreldre gjort det utfordrande for enkelte føresette å framstå som gode rollemodellar og vere inkluderande. Dette har blitt betre.

Kvalitetsmål: Organisasjonen er prega av ein inkluderande kultur med fokus på relasjonskompetanse

1. *Teikn på god praksis:* Det er sett av tid til felles refleksjon, erfaringsutveksling og evaluering

God praksis:

Frå skule- og barnehageeigar sida er det avsett tid til refleksjon på sær møte (leiargruppa for oppvekst). Eigar er open for at fagdagar kan bli nytta opp mot einingane og tilsette. Når det gjeld tilrettelegging og arbeid ut mot tilsette, føresette og barn vert det gjort av leiar som representant for eigar.

Praksis som kan bli betre:

Våge skule- og barnehage vert samla til ein eining frå 1. august 2022 med felles leiar. Tilsette og leiar fortel at dei er klar for samanslåing og å skape eit fellesskap. I samtale med leiar kjem det fram at ho er oppteken av å få involvert alle profesjonane i eininga og forankre prosessen hjå alle. Tilsette melder om behov for meir tid til felles refleksjon, erfarings-utveksling og evaluering av eksisterande praksis for å skape ny felles praksis.

2. *Teikn på god praksis:* Organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling

God praksis:

I Våge barnehage fortel tilsette om god kommunikasjon mellom dei tilsette i barnehagen og styrar. Dei kan gå til styrar som er open for deira innspel og at dei drøftar og reflekterer kring kvardagen på personalmøta. Dei har plandagar, felles fagdagar.

På skulen har dei faste tider som gir dei mogelegheit for å arbeide med refleksjon, utvikling og kompetanse.

Barnehage- og skule eigar har vanlegvis ikkje sett av felles refleksjon i lag med eininga. Den går gjennom leiargruppa og HTV (hovudtillitsvald) Kommunikasjonslinjene er knytt til organisasjonskartet. Påtroppande leiar opplev god kommunikasjon og at eigar er lett å få tak i.

Praksis som kan bli betre:

I Våge barnehage fortel tilsette og leiar at dei ønskjer meir tid til refleksjon. I dag vert det tilfeldig og spontane korte møte mellom tilsette etter arbeidstid eller i sovetid til dei minste barn, *“det vert litt hesblesande”* (sitat frå tilsettintervju). Der kan dei ta opp utfordringar, behov for endringar eller andre ting dei ønsker felles semje om. På personalmøta er det lite tid til dette opplev dei. Tilsette i barnehagen ynskjer avdelingsmøta tilbake. *“Vi kan ikkje snakke i lag på jobb over hodet på ungane”* (sitat tilsettintervju). Mangel på tid til felles refleksjon over praksis og verdiar og haldningar gjer det og vanskeleg å drive utviklingsarbeid.

Fleire av dei tilsette i skulen peikar i sine intervju på at dei ynskjer seg ein meir overordna plan for utviklingsarbeidet. Dei viser til godt fagleg innhald på fagdagar, men saknar oppfølging i etterkant. Det ber preg av å vere “ein happening”.

3. *Teikn på god praksis:* Organisasjonen legg til rette for samarbeid med føresette, og brukar aktivt organa FAU/SU/SMU

God praksis:

I følgje skule- og barnehageeigar vert FAU/SU/SMU meir aktivt nytta no enn tidlegare. Det er også nedskrive retningslinjer for arbeidet.

Praksis som kan bli betre:

Leiar seier i sitt intervju at ho ynskjer rådsorgan som er meir aktive inn mot organisasjonen. Det er viktig å understreke at representantar frå organa har vore sterkt involvert i utvikling og forbetring av uteområdet. Slik det fungerer i dag er det stort sett skulen/barnehagen som tar initiativ til samarbeid om andre aktuelle saker.

Det kan kanskje vere greitt å få til eit samarbeid rundt eit årshjul for rådsorgan, og ein diskusjon om rollefordeling og kva som vert venta av partane, jamfør Opplæringslova kapittel 11 om organ for brukarmedverknad i skulen.

Tilsette ved skulen seier også i intervju at dei syns ein i større grad kan involvere klassekontaktane for å styrke samarbeidet med føresette. Etter to år med pandemi og dei restriksjonane det har medført, men det kan vere eit godt utgangspunkt for å gjere dei føresette meir involverte.

4. *Teikn på god praksis:* All samhandling er prega av rausheit

God praksis:

I Våge barnehage syner tilsette rausheit ovanfor føresette, barn og kvarandre. Det er rom for å fordele oppgåver og ta over for kvarandre om det skulle verte behov for det. *“Det handlar om å sjå kvarandre”* (sitat tilsettintervju). Om dei har ulike meiningar *“så får det berre vere sånn. Vi lagar ikkje dårleg stemning av den grunn”* (sitat tilsettintervju).

I skulen seier dei tilsette at dei syner rausheit, både ovanfor elevane og kvarandre. Nokre av dei er opptekne av å ta ting opp i beste meining, syne toleranse og vise forståing. Dette har og vore tema i foreldremøter.

Skule- og barnehage eigar, leiar og tilsette verdset ulikskap – syns det er bra, også for arbeidsplassen. Dei ser det som ein verdi at ein er forskjellig og kan utfylle kvarandre. Usemje prøver dei å løyse på ein sakleg, rettviss og roleg måte for alle.

Praksis som kan bli betre:

Gjennom observasjon i skulen har vi sett at svært mykje av samhandlinga er prega av rausheit, men det har og blitt observert samhandling der ein kan bli betre på å syne rausheit ovanfor andre. Å halde ved like dei kvalitetane vi har sett knytt til rausheit må vidareførast og arbeidast med kontinuerleg.

5. Barnehage- skuleeigar legg til rette for og etterspør utvikling innan relasjonskompetanse

God praksis:

Barnehage- og skuleeigar følgjer opp utviklingsarbeid gjennom korte referat på sær møte. Eigar er med på enkelte personalmøte og har tett dialog med leiar. Det vert referert til politisk nivå i tertial og årsmelding og på leiarmøte med kommunedirektøren sin stab. Eigar støtter med ressursar om det er naudsynt. Dei har ikkje ein nedskreven kompetanseplan, men satsingsområde per i dag er engelsk, digital kompetanse på det faglege og trygt og godt skulemiljø. Leiar syner til HAFS samarbeidet for oppvekstsektoren.

Praksis som kan bli betre:

Tilsette fortel i intervju at dei ikkje opplever at utvikling innan relasjonskompetanse vert etterspurt. Leiar fortel at lokale planar i høve til inkluderande barnehage – og skulemiljø ikkje blir fulgt opp. Når det gjeld forankring av utviklingsplanar på tvers av

tenesteområda, er det usikkert kven ein skal ta kontakt med. Det er eit ynskje at fagfelta har høve til å gje kvarandre råd og rettleiing.

7. Spørsmål til refleksjon

Utviklingsområde	Spørsmål til refleksjon
Overgangar	Korleis systematisere overgangane, og sikre at det er samanheng i skifta mellom barnehage/skule og mellom dei ulike trinna?
Organisasjonskultur	Korleis arbeide med organisasjonsutvikling på tvers av einingar og trinn?
Organisasjonskultur	Korleis skape tid og rom til felles refleksjon både i team/avdeling og i heile organisasjonen?
Organisasjonskultur/ felles praksis	Korleis arbeide med ein inkluderande kultur og språkbruk både mellom barn/elevar og vaksen imellom?
Organisasjonskultur/felles praksis	Korleis arbeide med felles haldningar, verdiar, rutinar og reglar i heile organisasjonen?

8. Vidare arbeid

Innan ein månad etter vurderinga må vurderarane få melding om eventuelle feil i rapporten. Etter dette vert rapporten offentleggjort på barnehageeigar og Oppvekst og utdanning i HAFS sine heimesider.

Seinast ein månad etter vurderinga skal barnehagen ha eit oppfølgingsmøte der både eigar og region er med. På dette møtet skal utfordringane og moglege tiltak drøftast.

Gjennom rapporten skal barnehagar rapportere korleis dei har arbeidd med utfordringane og kva tiltak som er sett i verk. Tiltaka skal innarbeidast i handlings- og utviklingsplanane til barnehagane.

I tillegg til vurderingsrapporten er det utarbeidd ein vedleggsrapport som ikkje er offentlig, men som er overlevert styrar. I rapporten står oppsummeringar av påstandsskjema, observasjonar og intervju/samtalar.

Stad og dato: Våge, 30.3.2022

Ida Cecilie Fugle

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Sidsel Anita Ekblad Itland

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Aud Wesenlund Ødejord

Vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Hildegunn Hatlem

Vurderar Oppvekst og utdanning i HAFS

Britt Helen Viken Nilsen

Hospitant som vurderar Oppvekst og utdanning HAFS

Vedlegg:

Deltakarar i vurderinga

Interne: Barn, tilsette, foreldre

Eksterne: skule/barnehageeigar, vurderarar frå HAFS

Tidsbruk

Regionen v/utviklingsleiar har ansvaret for kontakt og planlegging saman med styrar fram til tildeling av vurderarar. Vidare skal regionen ha kontakt og delta på møte for oppfølging.

Vurderarane skal nytte ei veke til vurderinga, ein dag til føremøte og tre dagar i /skulenbarnehagen.

Vurderarane skriv ferdig og presenterer rapporten den siste dagen.

Før og undervegs førebur vurderarane intervju, samtalar og observasjonar, arbeider med informasjonen og lagar oppsummeringar.

Tidsplan for heile prosessen;

Tidsplan for heile prosessen;

Tid	Tiltak
Veke 35	Oppstartsmøte med skule og utviklingsrettleiar Vurderarar vert kopla på
Veke 48	Skulen sender utkast til framtidsbilete Vurderarane møte skulen Arbeid med framtidsbilete Vurderarar gjev tilbakemelding på utkast til framtidsbilete
Veke 7	Nytt utkast til framtidsbilete
Veke 10	Vurderarar gjev tilbakemelding på bilete Vurderarane justerer og arbeider vidare med samtaleguider med grunnlag i framtidsbilde
Veke 11	Skulen landar eit endeleg framtidsbilete og sender det til vurderarane Vurderarane arbeider vidare med samtaleguider med grunnlag i endeleg bilete Rektor sender relevante dokument (utviklingsplanar, årsplanar, månadsvekeplanar ol.) til vurderarane Skulen inviterer tilsette, elevråd, foreldreutval/samarbeidsutval, PPT? Og oppvekstsjef til presentasjon av rapport siste vurderingsdag
Veke 12	Utsendt brev frå vurderarane til skule og barnehage med kort informasjon og bilete av alle Vurderarane sender til rektor lenke til digital spørjeundersøking føresette. Rektor videresender denne til føresette Førebuing; gjennomgang av intervjuguider og fordeling av ansvar Rektor/Styrar sendar desse tekstane til vurderarane(skallimast inn i rapporten) <ul style="list-style-type: none">- Presentasjon av skule/barnehage- Bakgrunn for val av vurderingstema- Rektor / Styrar lagar plan for intervju med tilsette og barn/elvar

Tidsplan:

Måndag:	Møte med alle tilsette på skulen kl. 08.20 Observasjon Samtale med tilsette i barnehage(plan to grupper på 2 og 3) start kl. 14.30 Samtale med tilsette i skule (eininga set saman og lagar plan utifrå hensiktsmessig gruppestorleik) Digital foreldreundersøking
Tysdag:	Observasjon Samtale med born (I bhg set styrar opp gruppestorleik på 3 og 4) / elevar (gruppestorleik vert sett saman av rektor) kl. 13.30 Samtale med eigar kl. 14.30 Samtale med rektor/styrar Arbeid med rapport
Onsdag:	08.00-14.00 Arbeid med rapport 14.00 Førebels rapport sendt til rektor/styrar 15.45 Presentasjon av rapport

Måndag:	Observasjonar, intervju med tilsette, spørjeskjema til foreldre med svarfrist måndag
Tysdag:	Observasjonar, intervju med born, elevar, einingsleiar og eigar
Onsdag:	Rapportskriving, framlegg av rapport 16.15

Metodar

Tema og tid til rådvelde verkar inn på val av metodar. Vanlege metodar er dokumentanalyse, spørjeskjema, krysskjema, individuelle og gruppesamtalar, møte og observasjonar.

I denne vurderinga er følgjande verktøy og metodar nytta:

Foreldreundersøking vinteren 2021/2022

Våge skule og barnehage har hatt ute spørjeundersøking både i barnehagen og på skulen.

Dokumentanalyse

Barnehagen sender vurderarane diverse relevante dokument, til dømes årsplan, halvårsplan, generell informasjon og vekeplanar.

Observasjon

Verktøy for vidare informasjonsinnhenting

Vurdering

Vurderarane føretok ei vurdering, ved å spegla utsegnene frå tilsette, born og foreldre, og observasjon opp mot utarbeidde kvalitetsmål og teikn på god praksis.

Utifrå vurderinga kom vurderarane fram til kva dei meiner er teikn på god praksis i barnehagen og kva praksis som kan bli betre. Og vurderarane kjem med spørsmål til refleksjon og vidare arbeid.

Samtaleguidar og skjema

Samtaleguide for borna
Samtaleguide for personalet
Samtaleguide for barnehage/skuleeigar
Digitalt spørjeskjema til foreldra

Samtaleguide, barnehagebarn

Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage

Alle har nokon å vere med	
Korleis er det å gå i Våge barnehage?	
Er det alltid nokon de kan leike/vere med i barnehagen? (oppfølging viss nei: kva gjer de då?)	
Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige	
Kva gjer de dersom de opplever noko som ikkje er kjekt?	
Kva gjer ungane når dei er ueinige?	
Kva gjer dei vaksne når ungane ikkje er einige?	
Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk	
Korleis kan ein vere greie med kvarandre?	
Barna opplever meistring gjennom leik, utforsking og samhandling	
Fortel om noko du er god på!	
Korleis lærer du nye og spennande ting?	

Dei tilsette er autoritative vaksne

Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen	
Korleis snakkar dei vaksne til ungane?	
Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar	
Veit alle kva som er lov og ikkje lov i barnehagen?	
Om ein av dei vaksne seier nei, kva gjer du då?	
Er alle dei vaksne einige om det?	
Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtalane og stundene	
Kva likar du å gjere ilag med dei vaksne?	

Dei tilsette legg til rette for leik, utforsking og samhandling

Kva gjer dei vaksne for at alle skal ha det kjekt?

Samtaleguide, elevar

Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage

Alle har nokon å vere med

Har du nokon å vere med på skulen/i barnehagen?
a) i timane/inne?
b) i friminutta/ute?

Kan du fortelje litt om kven du er med på skulen/i barnehagen?

Fortel litt om kva du gjer ute/ i friminutta

Fortel litt om korleis du samarbeidar med andre i timane/ inne

Om det er nokon som er aleine (i friminutta eller ikkje har nokon å samarbeide med i timane), kva gjer dei vaksne då?

Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige

Fortel om kva som skjer når de er ueinige på skulen/barnehagen

Korleis snakkar de om kva ein kan gjere når ein er ueinige i klassen/i barnehagen?

Syns du at dei vaksne er gode til å snakke med dykk når det er noko som er vanskeleg å ordne opp i?

Kan du fortelje om ein gong de var ueinige og kva som skjedde?

Korleis snakkar de til kvarandre/ brukar språket når de er ueinige?

Kven syns de skal ordne opp når de er ueinige?

Har de nokre tankar om korleis ein kan ordne opp?	
Får de hjelp til å ordne opp når de er ueinige? Av kven?	
Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk	
Kva tenkjer du på når eg seier at ein skal ha eit positivt kroppsspråk?	
Kva betyr det at ein skal bruke eit positivt språk?	
Fortel om korleis du brukar eit positivt språk i møte med andre	
Kan du og fortelje litt om korleis du brukar kroppsspråk i møte med andre?	
Korleis syns du andre (elevar og vaksne) brukar språket sitt i møte med andre? Kva med kroppsspråk, er andre flinke til å bruke eit positivt kroppsspråk?	
Barna opplever meistring gjennom leik, utforsking og samhandling	
Kva tenkjer du på når eg seier at du skal oppleve meistring i leik, utforsking og samhandling?	
Kan du fortelje om ein gong du blei veldig glad fordi du fekk til noko bra <ul style="list-style-type: none"> - I leik - Saman med andre - Når du lurte på noko og fann det ut 	
Opplever du ofte at du får til ting på skulen/i barnehagen? Kan du fortelje litt meir oim det?	
Syns du det ser ut som andre og får ting godt til? Fortel meir om det.	
Er dei vaksne flinke til å hjelpe deg til å få ting til?	

Dei tilsette er autoritative vaksne

Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen	
Korleis viser dei vaksne at dei er opptekne av at de skal ha det bra på skulen/i barnehagen?	
Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar	
Kva felles reglar og rutinar fins på skulen/i barnehagen?	
Har dei vaksne like reglar og rutinar for kva som t.d. er lov og ikkje?	
Dei tilsette er gode og tydelege rollemodellar	
Når de er ute, t.d. i friminutta, er dei vaksne der og følgjer med på kva de gjer?	
Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtane og stundene	
Dei tilsette legg til rette for lek, utforsking og samhandling	

Dei føresette medverkar til gode relasjonar med og i barnehage/skule

Føresette opplever god samanheng mellom dei ulike overgangane	
Føresette opplever og medverkar til god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom skulen/barnehagen og heimen	
Føresette er rollemodellar når det gjeld å sjå og inkludere alle	

Samtaleguide, tilsette

Barna opplever gode og trygge relasjonar i skule/barnehage

Alle har nokon å vere med	
Kva gjer de om eit barn ikkje har nokon å vere med?	
Kva rutinar har de om eit barn vert utestengt?	
Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige	
Korleis støttar og rettleiar du barn i konflikhtar og tilløp til konflikhtar	
Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk	
Korleis kan du sjå dette?	
Dersom barna er negaitve til seg sjølv eller andre med ord/kroppsspråk, korleis møter du dei?	

Dei tilsette er autoritative vaksne

Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen	
Kva legg du i omgrepet autoritativ vaksen?	
Kva legg du i det å vere ein tydeleg og varm vaksen?	
Korleis viser de vaksne at de er opptekne av at barna skal ha det bra på skulen/i barnehagen?	
Møter de elevane med augekontakt, er de imøtekomande og har de eit positivt kroppsspråk?	
Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar	
Kva felles reglar og rutinar fins på skulen/i barnehagen?	
Er felles praksis og reglar og rutinar tema i personalet? (systematisk erfaringsdeling og refleksjon?)	
Korleis blir de samde om kva reglar og rutinar som skal gjelde?	
Opplever elevane at de har lik praksis når det kjem	

til reglar og rutinar? Kvifor/ kvifor ikkje?	
Korleis syns du det er å forhalde seg til dei reglane og rutinane som gjeld? Er du samd i dei, og klarar du vere lojal om du er usamd?	
Dei tilsette er gode og tydelege rollemodellar	
Kva eigenskapar har ein god og tydeleg rollemodell, tenkjer du?	
Kva gjer du for å vere ein god rollemodell?	
Er de tilstades i friminutta, og korleis følgjer de med?	
Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtalane og stundene	
Korleis får du tid og rom til dei gode samtalane?	
Korleis lagar du tid og rom for gode stunder med barna/elevane?	
Dei tilsette legg til rette for lek, utforsking og samhandling	
Kva gjer du for at barna skal oppleve meistring i lek, utforsking og samhandling?	

Dei føresette medverkar til gode relasjonar med og i barnehage/skule

Føresette opplever god samanheng mellom dei ulike overgangane	
Kva slags rutinar har de i dei ulike overgangane? Mellom barnehageavdelingar, mellom barnehage og skule, mellom skuletrinn/grupper, mellom småskule/storskule og ungdomsskule, mellom grunnskule og vidaregåande skule?	
Føresette opplever og medverkar til god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom skulen/barnehagen og heimen	
Kva fora for kommunikasjon har de?	
I kva grad opplever du den som tilstrekkeleg?	
I kor stor grad opplever du at foreldre er trygg på	

korleis de møter innspel og kritikk?	
Føresette er rollemodellar når det gjeld å sjå og inkludere alle	
Kva tenkjer du om dette?	

Det er sett av tid til felles refleksjon, erfaringsutveksling og evaluering

Organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling	
Kva tenkjer du om dette? Opplever du at organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling? Korleis? Kvifor/kvifor ikkje?	
Kor mykje tid er sett av til felles refleksjon og utvikling?	
All samhandling er prega av rausheit	
Korleis syner de rausheit ovanfor andre i kvardagen?	
Korleis handterer de ulikskap, usemje og det å gjere feil?	
Er dette likt for alle? Barn, tilsette og foreldre?	
Barnehage- skuleeigar legg til rette for og etterspør utvikling innan relasjonskompetanse	
I kva grad opplever du at barnehageeigar legg til rette for utvikling innan relasjonskompetanse	
I kva grad opplever du at barnehageeigar etterspør utvikling innan relasjonskompetanse	

Samtaleguide, barnehage/skuleeigar og rektor

Organisasjonen er prega av ein inkluderande kultur med fokus på relasjonskompetanse

Det er sett at tid til felles refleksjon, erfaringsutveksling og evaluering	
I kva grad er det sett at tid til dette?	
Korleis legg eigar til rette for at skulen og barnehagen skal arbeide med relasjonar når det gjeld <ul style="list-style-type: none">- tilsette?- barna?- føresette?- mellom eininga og eigar?	
Organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling	
I kva grad har eigar sett av tid til felles refleksjon og erfaringsutveksling i lag med eininga?	
Korleis legg eigar til rette for god kommunikasjon med eininga?	
Er det nedskrive korleis kommunikasjonslinjene skal vere i organisasjonen? Vet desse i så fall følgde?	
Organisasjonen legg til rette for samarbeid med føresette, og brukar aktivt organa FAU/SU/SMU	
I kva grad brukar organisasjonen desse organa aktivt?	
Er det nedfelt retningslinjer for dette arbeidet?	
All samhandling er prega av rausheit	
Korleis syner du rausheit ovanfor dei tilsette i kvardagen?	
Korleis handterer du ulikskap, usemje og det å gjere feil?	
Er dette likt for alle? Barn, tilsette og foreldre?	
Kva evaluering er gjort og kva tiltak er sett inn etter elevundersøkinga 2021	

Kva er gjort for å kome fram til sams tolking og samhandling av reglar og rutiner? (ordensreglar er teke opp i møte i august 2021)	
Barnehage- skuleeigar legg til rette for og etterspør utvikling innan relasjonskompetanse	
Korleis følgjer eigar opp utviklingsarbeid i eininga/ane? Fins det faste prosedyrar/plan for oppfølging?	
Korleis forankrar eigar utviklingsarbeidet i kommunen både politisk og på tvers av tenesteområde (t.d. helse, barnevern)	
Korleis bidreg eigar når det gjeld kompetanseheving innanfor tema relasjonskompetanse for å byggje eit sterkt lag rundt barna?	
Har eigar ein kompetanseplan for tilsette i kommunen?	

Spørjeskjema til foreldre ved Våge skule og barnehage

I samband med den eksterne vurderinga i Våge skule og barnehage ønsker vi, vurderarane, å få tilbakemeldingar frå så mange foreldre/føresette som mogleg. Tema for vurderinga er "kommunikasjon og relasjonar". Vi har tatt utgangspunkt i framtidsbiletet når vi har laga spørsmåla. Spørjeundersøkinga er anonym.

Svarfrist 28.03.22. Vi takkar for at du tek deg tid til å svare på desse spørsmåla.

1. I kva grad opplever de foreldra at barnet dykkar har vener i skule og barnehage
På ein skala frå 1 til 5 der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad
2. Korleis vil de beskrive relasjonane mellom barn og mellom barn og vaksne i Våge skule og barnehage?
3. I kva grad opplever de foreldre at dei tilsette har felles praksis og følger same regler?
På ein skala frå 1 til 5 der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad
4. Korleis opplever de foreldre skulen/barnehagens praksis og lojalitet til reglar og rutinar?
5. I kva grad opplever de foreldre at dei tilsette er gode rollemodellar for barnet dykkar?
På ein skala frå 1 til 5 der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad
6. Korleis opplever de foreldre overgangane
 - a. Mellom avdelingar i barnehage
 - b. Frå barnehage til skule
 - c. Mellom dei ulike trinna/gruppene i skulen
 - d. Mellom grunnskule og vidaregåande skule
7. Korleis kan de foreldre medverke til god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom heim og skule/barnehage?
8. Korleis opplever de foreldre skulen og barnehagen sin kommunikasjon med heimane?
9. Korleis kan foreldre bidra til at alle barn ved Våge skule og barnehage kjenner seg inkludert?
10. I kva grad er de medverkande i arbeidet med å skape ein inkluderande kultur?
På ein skala frå 1 til 5 der 1 er i svært liten grad og 5 er i svært stor grad

Observasjonsskjema.

Alle har nokon å vere med	Barna får støtte og rettleiing i korleis dei kan ordne opp når dei er ueinige
Barna er positive til seg sjølv og andre både med ord og kroppsspråk	Barna opplever mestring gjennom leik, utforsking og samhandling
Dei tilsette er tydelege og varme i kommunikasjonen	Dei tilsette har felles praksis og er lojale til reglar og rutinar
Dei tilsette er gode og tydelege rollemodellar	Dei tilsette lagar tid og rom for dei gode samtalane og stundene
Dei tilsette legg til rette for leik, utforsking og samhandling	Føresette opplever god samheng mellom dei ulike overgangane
Føresette opplever og medverkar til god, trygg og tilstrekkeleg kommunikasjon mellom skulen/barnehagen og heimen	Føresette er rollemodellar når det gjeld å sjå og inkludere alle
Det er sett av tid til felles refleksjon, erfaringsutveksling og evaluering	Organisasjonen legg til rette for god kommunikasjon og utvikling
Organisasjonen legg til rette for samarbeid med føresette, og brukar aktivt organa FAU/SU/SMU	All samhandling er prega av rausheit
Barnehage- skuleeigar legg til rette for og etterspør utvikling innan relasjonskompetanse	